

Lærdal kommune
 Postboks 83

6886 LÆRDAL

Høyringsvar til Lærdal kommune - kommuneplan sin samfunnsdel

Vi viser til høyring av samfunnsdelen til kommuneplanen 2018 – 2030, med høyringsfrist 21.08. Grunna politisk handsaming i fylkesutvalet 31.08. fekk vi utsett frist til 3.09. for å sende høyringsvar. Saksframstillinga til fylkesutvalet er ei kortfatta samanstilling av dette høyringsvaret, med fokus på dei punkta som er mest relevante for regionale og nasjonale politiske føringar. Høyringsvaret til kommunen er meir utfyllande, og har ein meir rettleiande funksjon. Saka i fylkesutvalet er vedlagt

Bakgrunn for saka

I følgje Plan og bygningslova § 11 - 2 skal samfunnsdelen: «...ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.»

Samfunnsdelen skal i følgje pbl § 11 - 1 ha ein: «handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, (...) Økonimiplanen etter kommuneloven §44 kan inngå i handlingsdelen.»

Samfunnsdelen skal leggjast til grunn både for kommunen si verksemd og for den verksemda fylkeskommunen og staten har i kommunen. For at samfunnsdelen skal vere eit godt verktøy for oppfølging, bør samfunnsdelen vere tydeleg i å definere korleis dei overordna måla skal nåast gjennom strategiar og tiltak. Handlingsdelen bør vere så detaljert at ein og presiserer ansvar for oppfølging av tiltaka. Sentralt i arbeidet med samfunnsdelen står at planen skal vere eit styringsverktøy for kommunen. Det er difor viktig at planen med utgangspunkt i utfordringar og moglegheiter i samfunnsutviklinga definerer tydelege mål for ønska samfunnsutvikling og definerer strategiar for å oppnå den ønskete utviklinga. Vidare må ein med utgangspunkt i strategiane definere tydelege tiltak i handlingsdelen til planen.

Samfunnsdelen skal og legge føringar for arealdelen til kommuneplanen. Samfunnsdelen bør vere tydeleg på korleis strategiane og tiltaka i planen legg føringar for framtidig arealbruk i kommunen.

Gjeldande samfunnsdel for Lærdal kommune vart sist revidert i 1999. I kommunal planstrategi for Lærdal, frå 2017, er det vedteke å revidere både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen i løpet av 2017/2018. Gjeldande arealdel vart sist revidert i 1995. Planprogrammet for revisjon av arealdelen har nett vore på høyring (juni 18), og ifølgje framdriftsplanen er det ønskjeleg at samfunnsdelen vert vedtatt før arbeidet med arealplanen

startar opp. Arbeidet med samfunnsdelen har av ulike årsakar drege ut i tid. Det låg føre eit høyringsutkast til samfunnsdel, utarbeida av Norconsult i 2016. Omfattande innspel og mange endringsframlegg i den første høyringsrunden kravde ei omfattande omarbeiding av utkastet. I tillegg deltek Lærdal saman med Årdal i Omstillingsprogrammet (2012-2018). Mål og strategiar i Omstillingsprogrammet er no innarbeida og samordna med kommuneplanen sin samfunnsdel. Det same er visjonen «Grøne Lærdal», der hovudmålsetjinga er: «Å bli den beste kommunen i Noreg på gjennomføring av Det Grøne Skiftet».

Generelt om planen

I kap. 1 Innleiing er det ei kort evaluering av planprosessen, med oppmoding om korleis ting bør gjerast annleis ved neste revisjon av samfunnsdelen basert på erfaringar frå denne runden. Eit av punkta er å knyte kommuneplanen tettare saman med økonomiplanarbeidet, gjerne med felles handlingsdel. Dette støttar fylkeskommunen opp om.

Den overordna visjonen for Lærdal; Grøne Lærdal, vert følgt opp av to programområde: «Grøne Lærdal i vekst» og «Grøne attraktive Lærdal». Programområda inneheld fleire fokusområde: grønt reiseliv, grønt bumiljø, grøen kultur, grøne arbeidsplassar, grøen primærnæring, grøen kompetanse, grøen energi, grøen produkt- og teknologiutvikling, grøne Lærdøl. Fokusområda er definerte nærare under kap. 4.

Siste del av kap. 4 handlar om korleis ein ser for seg gjennomføring av «Grøne Lærdal». Det er konkludert med at utviklinga bør skje som eit prosjekt, der prosjekteigar bør vera Lærdøler, ikkje kommune eller næringsliv. Dette avsnittet kunne med fordel vore konkretisert meir med ansvarsfordeling og økonomi knytt til gjennomføring, samt korleis ein ser for seg kommunen si rolle i dette arbeidet.

Kap. 2 gir oss ei god oversikt over utvikling og sentrale tema og problemstillingar for Lærdalssamfunnet. Her er ei god skildring av ulike aktuelle tema. M.a. går det fram at kommunen har ein helse- og omsorgsplan, vedtatt i 2012, der ein av strategiane var å etablere ei omsorgstrapp. Grepa i den vedtekte omsorgstrappa tilseier ein del endring i bruk av ressursar og organisering av omsorgsområdet. Vurdering av erfaringar frå dette arbeidet så langt, og kva det har å seia for strategiar og mål i samfunnsdelen bør med i planen.

I kap. 3 får ein eit bilete av utfordringane ein ser for Lærdal i åra framover. Utfordringsbiletet byggjer i stor grad og på analyse, statistikk og prognosar knytt til Omstillingsarbeidet. Tre hovudutfordringar som vert omtala er: kommuneøkonomi, folketalsendring og areal-problematikk. Herunder at det vil vera ei utfordring å ha økonomi til å følgja opp prosjekta som er starta i regi av Omstillingsprogrammet (avsluttast i 2018), og som vert kravd for å sikra vekst og utvikling.

Folketalprognosane syner befolkningsnedgang, spesielt i alderen 20-40 år, og spes. er det kvinner som flyttar ut. I tillegg er det venta ei stor auke i talet på eldre (+67), noko som set krav til helse- og omsorgstenestene kommunen riggar for framtida. Sjølv om SSB sine prognosar seier nedgang i folketallet, ønskjer kommunen å nytta måla i Omstillingsplanen som utgangspunkt. Det vert då nytta ei klår vekstkurve som mål innanfor folketalsutviklinga, som er basert på ein omfattande prosess med utviklingsanalysar, tal og prognosar.

Arealproblematikken omfattar balansen mellom bustadareal, næringsareal og jordbruk, sett i lys av ras og flaumproblematikk og vern. Klimaendringar set større krav til god og langsiktig planlegging i høve samfunnsrisiko. Det er mange omsyn som avgrensar moglegheita for å nytta tilgjengeleg areal til vekst og utvikling i form av næring og busetjing. Dette krev gode, tydelege overordna føringar for arealplanlegginga.

I kap. 5 finn ein handlingsdel, med mål, strategiar og tiltak. Det er eit ryddig oppsett, der ein først tek for seg hovudmål og undermål innafor programområda «Grøne Lærdal i vekst» og «Attraktive Grøne Lærdal». Vidare følgjer målsetnader, strategiar og ev. føringar for arealdelen innanfor ansvarsområda til kommunen:

- * Næring,
- * Natur, klima og miljø,
- * Helse,
- * Kultur og oppvekst,

- * Tenester,
- * Samfunnstryggleik

Faglege innspel til planarbeidet

Hovudinstrykket er at planen er godt strukturert og dekkjande for mange tema som gjeld samfunnsutviklinga i Lærdal. Det er ei god kopling mellom samfunnsdelen, slik den no ligg føre, og planprogrammet for arealdelen som nett har vore på høyring. Det er positivt at kommunen har samordna visjon, mål og strategiar med Omstillingsarbeidet. Gjennom Omstillingsarbeidet har kommunen vore gjennom fleire gode prosessar, brei medverknad, utgreiningar og analyser som gir eit godt grunnlag òg for arbeidet med samfunnsplanen, og såleis bidreg til ei god forankring av planen. Når omstillingsperioden går ut i 2018 er det viktig at prosessane, måla, strategiane og tiltaka frå omstillingsarbeidet er godt implementert i kommuneplanen for å kunne vidareføra det omfattande arbeidet frå omstillingsperioden.

I dei faglege innspela under er dei mest vesentlege punkta til oppfølging av kommunen markert med utheva skrifttype.

Regional planstrategi

Under pkt. 1.6 er Regionale føringar lista opp. Regional planstrategi (RPS) er ikkje nemnt her. Dette vart òg spelt inn ved førre høyring av planutkastet. Regional plan skal leggast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Planstrategien dekkjer eit regionalt behov for å finne ut kva som kan føre fylket i ønskt retning. Strategien etablerer eit felles utfordrings- og målbilette for fylket og set retning for bruk av verkemiddel og ressursar. Regional planstrategi set opp følgjande fem overordna utfordringar:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane

Mange av dei måla og strategiane som vert skisserte i planutkastet er i tråd med tilsvarande i RPS. Men vi kunne ønskt oss ei drøfting av mål og strategiar opp mot dei mål og strategiar i RPS som synleggjer kvar vi kan dra i lag og kvar Lærdal sine utfordringar og løysingar skil seg frå dei som vert skissert i RPS.

Handlingsdelen

Etter plan og bygningslova § 11 - 1 skal samfunnsdelen ha ein handlingsdel som syner korleis strategiane skal følgast opp i 4 - årsperioden. Ein konkret handlingsdel, med tydeleg definerte oppgåver og ansvar for oppfølging, er eit viktig grep for å sikra at samfunnsdelen vert eit godt styringsverktøy. Handlingsdelen skal leggja føringar for prioritering av ressursar innanfor dei økonomiske rammene til kommunen, og såleis gjera det enklare å forstå prioriteringane.

I kap. 5: Handlingsdel – mål, strategiar og tiltak er oppsettet ryddig og omfattar mål og undermål for utviklingsarbeidet, samt mål og strategiar innafor dei områda kommunen har ansvar for. Målsettingane for planen dekker mange sentrale tema i samfunnsutviklinga og kommunale tenester i Lærdal. Korleis ein ser for seg å nå måla innafor dei ulike fokusområda i samfunnsdelen, **strategiane, kan med fordel konkretiserast noko meir**. Det er òg noko «uryddig» i koplinga mellom kap. 4 «Visjon og utviklingsstrategiar», som me går utifrå kjem frå omstillingsarbeidet, og dei fokusområda som det er knytt strategiar til under handlingsdelen (kommunen sine ansvarsområde). I kap. 4 er fokusområda: bumiljø, produkt- og teknologiutvikling, energi, kompetanse, primærnæring, arbeidsplassar, reiseliv og miljø – alle med forteikn «grøn/grøne/grønt». I handlingsdelen, kap.5 opererer ein med: næring, natur/klima/miljø, helse, kultur og oppvekst, tenester og samfunnstryggleik. **Fokusområda frå kap. 4 bør innarbeidast tydelegare i handlingsdelen.**

Mål og strategiar under ansvarsområda til kommunen samsvarar bra med utfordringsbiletet og utviklinga i Lærdalssamfunnet som er skildra i planen. Me saknar konkrete tiltak knytt til måla og

strategiane. Etter plan og bygningslova § 11 - 1 skal samfunnsdelen ha ein handlingsdel som tydeleggjer korleis strategiane skal følgast opp i 4 - årsperioden. Handlingsdelen skal reviderast årleg. **Handlingsprogrammet kan med fordel tydeleggjere tiltak, kostnad for tiltaka, kven som har ansvaret for gjennomføring og kven som er samarbeidspart.**

Fylkeskommunen ønskjer å vere ein samarbeidspart for kommunen. Dei ulike fagavdelingane vil kunne ha tiltak og program som kan vere ei støtte i dette. Vi har og støtteordningar for tiltak innan nærings - og samfunnsutvikling som kan passe inn for nokre av tiltaka.

Føringar for arealdelen

Under kvart av kommunen sine ansvarsområde i handlingsdelen ligg nokre føringar for vidare arbeid med arealdelen. Desse kunne med fordel vore utdjupa meir for å få ei betre føring for arealplanlegginga som byggjer opp under dei overordna måla og strategiane i samfunnsdelen. Med tanke på arealproblematikken og avgrensa tilgjengeleg areal til vekst og utvikling som er skildra som ei utfordring i Lærdal, er dette spesielt viktig. **Nokre konkrete innspel til tema som bør med, ev. utdjupast meir i føringane til arealdelen: tettstad-/sentrumsutvikling, bustadområde, hytteområde, landbruksområde og jordvern, vassforvaltning, klima, folkehelse, born og unge og universell utforming.**

Sentrumsutvikling/tettstadforming

Planen har eit fokus på styrking og utvikling av sentrum. Dette er positivt, og i tråd med [Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur](#). Kommunen har vore gjennom fleire prosessar med tettstad- og sentrumsutvikling dei siste 10-åra, utan at dette har ført til konkret gjennomføring. **Me saknar ein referanse til dei nemnde prosjekta, og korleis erfaringar og kunnskap frå dei er inkludert i arbeidet med samfunnsdelen.** Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur vart vedteken i Fylkestinget 17.04.2018. I strategien er attraktive sentrumsområde trekt fram som ein viktig faktor for å tiltrekke seg og halde på arbeidskraft og innbyggjarar. I strategien er det lagt fleire retningslinjer som kan bidra til utvikling av attraktive tettstader. **Vi oppmodar om at ein og legg retningslinjene i regional strategi til grunn for sentrumsutviklinga.** Samfunnsdelen bør legge føringar for korleis sentrumsutviklinga skal følgjast opp i arealdelen. Vi viser og til [regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter \(2017\)](#), som skal sikre at ny handelsverksemd vert lokalisert innanfor, eller i tilknytning til eksisterande by - og tettstadsentra.

Landbruksområde og jordvern

I handlingsdelen er det skissert mål og fleire strategiar kring satsing på jordbruk og jordvern. **Måla og strategiane bør følgjast opp med konkrete føringar for arealdelen på dette temaet.**

Bustadområde

I tråd både med satsinga i [Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur](#), og satsingane i [regional plan for klimaomstilling](#) (vedtatt 13.06.2018), bør nye bustadområde i størst mogleg grad planleggjast i gå - og sykkelavstand frå sentrum definert i kommuneplan. Basert på kunnskapen kommunen har om demografi og bustadmarknad bør planen inkludere ei drøfting kring kva type og omfang av nye bustadar ein treng. Ei kartlegging av bustadbehovet bør ligge til grunn for målretta bustad-planlegging. **Føringane for arealdelen bør leggja opp til at ny bustadbygging skal konsentrerast i eller nær sentrum, med høg arealutnytting, og at bustadbygginga ikkje skal redusere dyrka og dyrkbar mark. Ev. andre føringar om lokalisering av ev. bustadfelt, spreidd busetnad, energiløysingar og materialbruk knytt til målsetjinga «grønt bumiljø» bør òg innarbeidast.**

Hyttebygging

Langsiktige mål for utvikling av fritidsbustader i kommunen bør vera eit tema i samfunnsdelen av kommuneplanen, med føringar som grunnlag for arealdelen. Dette er ikkje eit tema i planutkastet som ligg føre. I tråd med visjonen: Grøne Lærdal skal bærekraftig hyttebygging i hovudsak konsentrerast i hyttefelt framfor spreidd utbygging. [I St. meld. nr. 21 \(2004-2005\)](#)

[Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand](#) finn ein nasjonale rårer for utviklinga av fritidsbustader. Dei skal leggest til grunn for kommunen si planlegging og tilrettelegging for fritidsbusetnad.

Folkehelse

Folkehelse går igjen i planen som eit sektorovergripande tema. Dette er positivt, og i tråd med nasjonale føringar, jf.lov om folkehelse, §6: «..Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplaner etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for folkehelsearbeidet som er egnet til å møte de utfordringer kommunen står overfor..». I handlingsdelen, som ein strategi under helseområdet står utarbeiding av ein folkehelseplan. Dette er og stadfesta i gjeldande planstrategi for Lærdal (oppdatert 2017) som eit planbehov. Det er positivt at Lærdal kommune har fokus på folkehelse i sitt planarbeid. **Me vil oppmoda kommunen om å vera enda meir konkret m.a. gjennom føringar for arealdelen som understøtter mål og strategiar som samfunnsdelen har på dette området. Døme på føringar kan vera m.a. funksjons- og kvalitetskrav til bygningar, anlegg og uteareal for å sikre omsynet til helse, miljø, sikkerhet, universell utforming, leike – og oppholdsareal.**

Medverknad

Opplegget for medverknad er skildra under kap. 1.3 i planutkastet. Det var gjennomført ein del prosessar for medverknad internt i organisasjonen, og blant innbyggjarane i starten av prosessen. Vidare har ulike andre utviklingsprosessar gått parallelt (Omstillingsarbeidet og Tettstadutviklingsprosjekt) og involvert innbyggjarane kring fleire av dei same tema. Kunnskapen og medverknad frå desse prosjekta er brukt inn i samfunnsdelen.

I samsvar med PBL §5-1 har kommunen eit særskilt ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, her under born og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på anna måte. **Det bør gå fram av planutkastet om, og ev. korleis born og unge har vore involvert i planprosessen.**

Kulturarv

I planframlegget er det vist til Lærdal sin rike kulturarv og spesielt til dei historiske tradisjonane innafor veg og reiseliv. Både gamle Lærdalsøyri, dei mange historiske vegane og Borgund stavkyrkje er kulturarv av nasjonal og internasjonal interesse.

Det er dei siste åra gjort eit stort arbeid for å tilrettelegge Kongevegen som reiselivsprodukt, noko som er i tråd med satsinga på vandring og sykling innan fokusområdet Grønt Reiseliv. Det vert peika på utfordringar i forhold til logistikk og infrastruktur for å handtere den store veksten i tal besøkande i området. Det er positivt at kommunen tek tak i denne problemstillinga og jobbar strategisk med prosessar for å legge til rette for den forventa auken i besøkande i åra som kjem.

For ordens skyld vil vi presisere at Gamle Lærdalsøyri og Borgund stavkyrkje ikkje er innskrivne på UNESCO si verdsarvliste (slik det er omtalt i tekstdelen). Derimot inngår ein mindre del av verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap i Lærdal kommune – (Bleia-Storebotn landskapsvernområde, Bleia naturreservat og Nordheimsdalen naturreservat).

I punkt 5.3 under tema Natur, klima og miljø vert det vist til mål om å ivareta kulturlandskap og kulturminne. Her vil vi minne om det igongsette arbeidet med lokal kulturminneplan, og dei mulegheitene som ligg i å opparbeide oversikt, dokumentasjon og kartfesting av desse unike verdiane. I den lokale kulturminneplanen, som også skal innehalde ein handlingsdel med prioriterte tiltak, vil kommunen kunne gjere viktige prioriteringar for den framtidige forvaltninga av kulturarv- og kulturlandskapsverdiane.

Kultur, folkehelse, idrett og friluftsliv

Samfunnsdelen viser at kommunen i stor grad set seg inn i ein regional samanheng og legg vekt på regionale planar i arbeidet med kommunale planar. «Kultur for alle» Regional plan for kultur 2019 – 2027 vil styre kulturpolitikken i regionen i åra frametter. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og folkehelse vil vere innarbeidd i denne, mens regional plan for folkehelse framleis vil vere ein sjølvstendig regional plan.

Regionale satsingsområder som er relevante for kommunane er:

- Deltaking og oppleving; dette gjeld tema som *kultur for alle, mangfald og integrering og den kulturelle grunnmuren*. Kommunen har eit medvete tilhøve til delar av den kulturelle grunnmuren gjennom ønskjer om å satse på kulturskulen, vi viser til andre kommunale tenester som bibliotek som ein sterk og viktig del av den kulturelle grunnmuren og som ein open møteplass og ein arena for inkludering. Frivillig sektor er ein stor og viktig del av kulturlivet i ein kommune, vi saknar ei skildring av korleis frivillig sektor er ein ressurs i samfunnsbygginga i Lærdal. Mange kommunar utarbeider no ei frivilligplattform som grunnlag for kommunen sitt arbeid med å styrke frivillig sektor.
Vi viser også til kulturlova som gir kommunen ansvar for å leggje til rette for at innbyggjarane har tilgang til kulturaktivitet, både å delta i og å oppleve.
- Kulturelle ressursar og verdiskaping, dette gjeld m.a. tema som *Identitet og attraktivitet, Kulturarv, kunstproduksjon og formidling*. Dette er eit viktig tema for kommunen, vi viser til satsingar innan kultur som bygger opp om dette, m.a. Telegrafan som ein kunst- og kulturarena og satsinga på sentrumsutvikling gjennom Lærdal næringsutvikling.
- Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.
Vi viser også til kulturlova som gir kommunen ansvar for å leggje til rette for at innbyggjarane har tilgang til kulturaktivitet, både å delta i og å oppleve.
- I levekår og livskvalitetsarbeidet (folkehelse) viser vi til rettleiaren frå helsedirektoratet: IS-2110 «God oversikt – en forutsetning for god folkehelse» som ei viktig rettesnor i arbeidet med kommunal planlegging. Det er positivt at kommunen planlegg om å utarbeide eigen folkehelseplan og vi viser til kultur som eit viktig satsingsområde innan helsearbeid ovanfor grupper som er aktuelle for kommunen, t.d. innvandrar og eldre.

Vassmiljø og vassforvaltning

Punkt 1.6 i framlegget lister den regionale planen for vassforvaltning for Sogn og Fjordane 2016-2021. Vassmiljø er likevel ikkje nemnd i kapittel 3 (utfordringar i Lærdal) eller kapittel 4 (visjon og utviklingsstrategiar). Kapittel 4 forklarar at hovudmålsetjinga i Lærdal er å bli den beste kommunen i Noreg på gjennomføring av Det Grøne Skifte. For å nå målet, skal det vere kontinuerleg og målretta arbeid i samfunnsplanlegging, med fokus på berekraftig, miljøvenleg, moderne og innovativ vekst og utvikling. Ambisjonen er god, men det er lite konkret i samfunnsdelen som set fokus på naturressursar som vatn og vassførekomstar, korleis dei skal vernast mot dårlegare tilstand og korleis arealplanlegginga skal bidra til at mål vert nådd. Naturressursar er ikkje eit fokusområde i diagrammet på side 34.

I handlingsdelen tek punkt 5.3 for seg natur, klima og miljø. Eit av måla er: «*Sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane.*» Men ingen av strategiane som høyrer til målet nemner vatn som ressurs, eller korleis samfunnsutviklinga skal bidra til og sikre berekraftig og heilskapleg forvaltning av vassmiljøet.

Den regionale planen for vassforvaltning for Sogn og Fjordane 2016-2021 fastset miljømål som viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassførekomstar i eit langsiktig perspektiv. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane innan 2021 med mindre det er gjort unntak frå dette (til dømes utsett frist for å nå miljømålet eller eit lågare miljømål).

Med god miljøtilstand er det meint god økologisk og kjemisk tilstand jf. vassforskrifta. Oversikt over alle miljømål og tiltak for å nå miljømåla for den enkelte vassførekomst ligg i databasen Vann-nett. Kommunen si målsetting og strategi i samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå miljømåla sett i Vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen, det vil seie god miljøtilstand i alle vassførekomstar i kommunen innan 2021 med mindre det er gitt unntak.

Samfunnsdelen bør i tillegg legge føringar for arealdelen slik at arbeidet med å nå miljømåla vert forankra i heile kommuneplanen og dermed fullt integrert i plan- og byggesakar. Ein god måte å forankre arbeidet i arealdelen på er ved å definere anten generelle føresegner og retningslinjer og/eller omsynsoner med tilhøyrande føresegner og retningslinjer i område der bygging eller anna ny aktivitet kan påverke tilstanden i elv, bekk, innsjø eller kystvatn. Føresegner og retningslinjer

bør stadfeste dei omsyn som er naudsynte for å ta i vare miljøtilstanden i vassførekomstane. For vassførekomstar der miljøtilstanden er dårligare enn god bør kommunen vurdere meir omfattande tiltak for å oppnå god miljøtilstand. Kommunen bør merke seg at vassforskrifta §4 generelt sett ikkje tillét ny bruk som gjer tilstanden av vassførekomstar dårlegare med mindre det er grunnlag for unnatak i tråd med §12 («ny aktivitet eller nye inngrep»).

Samfunnsdelen og handlingsprogrammet bør gje føringar til arealdelen som er i tråd med den regionale vassforvaltningsplanen og som viser korleis omsyn til vassmiljøet skal integrerast i arealplanlegginga og ved fastsetting av ny arealbruk.

Enkle mål/retningslinjer i samfunnsdelen for å forankre og integrere omsynet til vassmiljø kan vere:

- Vassførekomstar (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) skal nå miljømåla som er sett i den regionale vassforvaltningsplanen
- Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomstar (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) verre. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.

Tiltak i handlingsprogrammet kan vere (til dømes under 5.3: natur, klima og miljø):

- Legge til rette i føresegn og løyver for at nye bygg og ny arealbruk ikkje fører til at tilstanden av elvar, bekkar, innsjøar og kystvatn vert dårlegare
- Sørge for at nye tiltak bidreg til at vassmiljømål vert nådd der dette er praktisk og økonomisk mogleg.

Vi viser elles til uttalen vi gav til planprogrammet for arealdelen, som tek opp nokre av dei same punkta som ovanfor på tema vassmiljø og -forvaltning.

Klima

Regional plan for klimaomstilling 2018 med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag, plandel og handlingsprogram blei vedtatt i fylkestinget i juni 2018, og legg føringar for korleis fylket skal klimaomstille seg. Den regionale planen legg opp til ei klimaomstilling som inkluderer både utsleppsreduksjon, klimatilpassing og samfunnsendring. Den regionale planen nyttar seg av omgrepet klimaomstilling, som eit anna ord for det grøne skiftet. Eit grønt skifte inkluderer ei endring av samfunnet, slik at all aktivitet skjer innan for naturen sine tolegrensar. Dette inneber ei endring av samfunnet på systemnivå, og vi må endre måten vi gjer det meste på. Det er ønskjeleg med litt klarare definisjon på kva Lærdal kommune legg i dei ulike omgrepa dei har nytta.

I eit grønt skifte eller klimaomstilling vil måla sett i Paris-avtalen, kombinert med nasjonale og regionale føringar vere viktige. **Eksempelvis kunne det bli fokusert meir på korleis kommunen legg opp til å redusere klimagassutsleppa sine**, og om de legg dykk på linje med nasjonale mål, eller om de er meir ambisiøse. Den regionale planen har som overordna mål at vi skal «saman få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane». Vi skal bli smartare, tryggare og grønarare. «Grønarare» er definert som at «fylket tek minst sin del av dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon. Noreg har forplikta seg til å redusere utsleppa sine med 30 % innan 2020, og 40 % innan 2030. For å nå måla sett i Paris-avtalen må vi setje i verk tiltak i dag, for å redusere konsekvensane i framtida. Vi må bli eit nullutsleppssamfunn. Kva legg Lærdal kommune i omgrepet «det grøne skiftet»? Samfunnsdelen skal gjelde for 2018 til 2030, så i utgangen av perioden skal kommunen ha redusert klimagassutsleppa sine med 40 %. Dette tek ikkje samfunnsdelen noko presis stilling til. Det er ønskjeleg å fått presisert, slik at det blir lettare å nytte samfunnsdelen ved utforming av andre planar og haldningplanar/tiltak.

Ei klimaomstilling er krevjande, men gjennomførbart, og det er flott at Lærdal tek ein posisjon i dette arbeidet. Det er viktig å setje det grøne skifte på dagsorden, og samfunnsdelen peikar ut ei klimavenleg framtid for kommunen. Forskingsprosjektet "Samhandling for Grønt skifte", som er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestlandsforskning, Fylkeskommunen, KS, NVE, Fylkesmannen mfl. har m.a. sett på korleis vi på regionalt nivå kan bidra i klimaomstillinga ute i kommunane. Ti kommunar har deltatt i prosjektet, og kopla prosjektet opp mot eksisterande planarbeid. Prosjektet er i slutfasen no, og skal etter planen avsluttast til sommaren 2019. Kommunen vil kunne dra erfaringar frå dette prosjektet, og vi vonar at de kan nytte dykk noko av metoden utvikla her. Vi har mellom anna gjennomført heilskaplege sårbarheitsanalyser i kommunane, noko som ville vore interessant å

sett på også i Lærdal. I tillegg til å sjå på sårbarheit for lokale klimaendringar, så har prosjektet prøvd å analysere sårbarheit for internasjonale klimaendringar, og for endra klimapolitikk. Klimautfordringane og løysinga; eit grønt skifte går inn i alle ansvarsområda til fylkeskommunen og kommunen.

Vi minner om at Miljødirektoratet har komme med ny utsleppsstatistikk på fylkes- og kommunenivå som kan vere nyttige for dykk i arbeidet framover. De kan lese meir om dette [her](#), og de vil m.a. sjå at utsleppa i kommune har gått opp sidan 2009, same som resten av fylket. I arbeidet vidare vil det vere aktuelt for dykk å søke om midlar frå fylkeskommunen gjennom [tilskotsordninga til klima- og miljøtiltak](#), i tillegg til [Klimasats](#)-midlane frå Miljødirektoratet.

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef

Marianne Bugge
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Saksframlegg til fylkesutvalet

Mottakar (ar)
Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL

Kopi til: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger